



Denne skissa viser kvar det første huset i Ospelunden er planlagt bygd, like ovanfor Oddbjørn Kroka sitt hus. Riksvegen er øverst i skissa.

Det største byggjefeltet i Uskedalen, Ospelunden med meir enn 60 tomter, har stått i stampe i mange år etter at det vart satsa rundt rekna 200.000 kroner på regulering. Men no verkar det som det endeleg tar til å skje noko, som kanskje kan gje ringverknad,

Grunneigarane Kjell Yri og Sidsel Stigum har sendt nabovarsel om frådeling av ei tomt ovanfor Oddbjørn Kroka sitt hus. Den 1.440 kvadratmeter store tomte skal nyttast til bustadhus for Janne Yri og Michael Røsstrand.

Det har i første omgang vore ynskje om byggjing av to-tre hus i dette området og det har vore mange interessentar, men ingen har slege til.

Dei fleste har hatt ynskje om tomt høgt oppe i feltet, men for å koma så langt krevst det store investeringar. Men også lenger nede er det flotte tomter med ein fantastisk utsikt.

No vonar Kjell Yri at byggjinga av det første huset kan utløysa fleire

Av Ola Matti Mathisen



Det nye huset i Ospelunden skal liggja ovanfor huset til høgre. I forgrunnen riksvegen. (Foto: Ola Matti Mathisen).